

Møte onsdag den 2. oktober kl. 13.

President: Guttorm Hansen.

Åpning av det 119. ordentlige Storting.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Konelige Høyhet Kronprinsen seg kl. 13 i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 119. ordentlige Storting ved dets åpning:

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den vil bli til gagn for fedrelandet.

Regjeringen vil i nært samarbeid med Stortinget føre en politikk som med forsvarlig ressursbruk kan gi fortsatt vekst, større likhet og mer trivsel i samfunnet. Regjeringen vil at den enkelte skal sikres et trygt grunnlag å bygge sin tilværelse på, med stadig bedre valgmuligheter innenfor fellesskapets ramme.

Norge må virke for en mer rettferdig fordeling av inntekter og ressurser i verden.

Norges utenriks- og sikkerhetspolitiske hovedlinjer vil bli ført videre, basert på et gjensidig forpliktende mellomfolkelig samarbeid. Norge må

medvirke til å gjøre De Forente Nasjoner til en handlekraftig organisasjon som også kan løse de nye oppgaver verden står overfor,

arbeide gjennom NATO og på annen måte for økt sikkerhet, fortsatt avspenning, rustningskontroll og nedrustning, bidra til at konferansen om sikkerhet og samarbeid i Europa kan slutføres med positive og varige resultater, engasjere seg forstatt i forhandlingene om gjensidige reduksjoner av de militære styrker i Europa, styrke samarbeidet i Vest-Europa, og med Nord-Amerika, utdype og utvide samarbeidet mellom de nordiske land og utvide forbindelsene med Sovjetunionen og de andre øst-europeiske land.

Norge må hjelpe de folk som fortsatt lever i ufrifheit i det sørlige Afrika og støtte dem i deres kamp for selvbestemmelse og uavhengighet.

Hjelpen til utviklingslandene vil bli gjennomført i samsvar med Stortings retnings-

linjer. Hjelpen til flyktninger og til folk som rammes av naturkatastrofer vil bli økt.

Norge må arbeide for nedbygging av toll og andre hindringer i verdenshandelen, for like konkurransevilkår i internasjonal skipsfart og for en reform av det internasjonale valutasytem.

Regjeringens økonomiske politikk tar sikte på full sysselsetting, jevn produksjonsvekst, med rettferdig fordeling og bedring av levekårene for de store folkegrupper.

Regjeringen vil gjennom konkrete tiltak medvirke til at disse grupper gis en tilfredsstillende realinntektsutvikling. Som et ledd i dette vil det på statsbudsjettet for kommende år bli foreslått betydelige lettelser i den direkte skatt for vanlige inntekter.

Regjeringen vil føre videre arbeidet for et mer rettferdig skattesystem.

Regjeringen vil legge stor vekt på å begrense prisstigningen. Stortinget vil få seg forelagt en melding om dette.

Regjeringen vil arbeide for å dempe veksten i de offentlige utgiftene og å forenkle den offentlige administrasjon.

Regjeringen vil føre videre sitt arbeid for en sterkere demokratisering i samfunnet og for likestilling mellom kjønn, sosiale grupper og distrikter. Det vil bli lagt stor vekt på tiltak som kan gi den enkelte større rettigheter, samtidig som en sikrer folkevalgt styring over utviklingen.

Reformarbeidet i kreditvesenet vil fortsette, bl. a. vil det bli fremmet lovforslag om finansieringsselskaper, kreditforetak og låneformidling. Stortings behandling av meldingen om demokratisering av forretningsbankene vil bli fulgt av en videre utredning av saken.

Regjeringen arbeider videre med å sikre alle lønnstakere medbestemmesett.

Det vil bli lagt fram:

forslag om lov om likestilling mellom kjønne, tempoplan for gjennomføring av likestilling mellom ulike lønnstakergrupper, forslag om å sikre unge arbeidstakere mot usaklig oppsigelse, forslag om 38 timers arbeidsuke i helkontinuerlig skiftarbeid og arbeid under dagen, forslag om ny arbeidsmiljølov, forslag om lov om barnehager og om andre tiltak for barn.

Regjeringen vil legge særlig vekt på at det skapes muligheter for sysselsetting av grupper som i dag har vanskelig for å komme ut i arbeidslivet. Det vil bli truffet tiltak for økt likestilling for utenlandske arbeidstakere.

Regjeringen vil fortsette sitt arbeid for de-

sentralisering i forvaltningen og styrking av de lokale demokratiske organer. Det vil bli lagt fram en melding om forholdet mellom stat, fylkeskommuner og kommuner og om omorganisering av administrasjonen på fylkesplanet. Det vil bli lagt fram en melding om å sikre politiske organisasjoner et bedre økonomisk grunnlag. Nye tiltak for å opprettholde en differensiert dagspresse vil bli vurdert.

Regjeringen vil legge fram en melding om den videregående opplæring og forslag til lov om voksenopplæring. De funksjonshemmende skal gis bedre muligheter til opplæring og utdanning. Det vil bli fremmet meldinger om høyere utdanning og om forskningen. Stortinget vil også få seg forelagt en melding om kunstnernes arbeidsforhold og levekår.

Regjeringen vil føre en aktiv næringspolitikk som kan sikre arbeidsplasser i alle deler av landet. Samtidig vil den både nasjonalt og internasjonalt medvirke til vern om natur og miljø og til en mer planmessig forvaltning av ressursene. Stortinget vil få anledning til en bred drøfting av disse spørsmålene, bl. a. på grunnlag av meldinger om ressurspolitikken og om norsk ernærings- og matforsyningspolitikk.

Regjeringen vil arbeide for at konferansen om havets folkerett snarest mulig gjør vedtak som gir det folkerettsslike grunnlag for regulering og ordnet utvikling av havenes rettsproblemer. Konferansen må bl. a. godkjenne prinsippet om 200 mils økonomiske soner. Inntil slike vedtak er truffet og satt i verk, vil Regjeringen på hensiktsmessig måte treffe nasjonale tiltak som kan sikre kystbefolknings livsgrunnlag og bevare ressursene bedre enn nå.

Utformingen av en langtidsplan for fiskeri-næringen vil bli påbegynt i samarbeid med næringens organisasjoner.

Regjeringen har satt i gang et arbeid som skal klarlegge sjøfolkenes forhold og skipsfartens utvikling og vil legge fram en melding om disse spørsmål.

Regjeringen vil trekke opp hovedlinjene i en politikk for å bevare en allsidig industri og beskytte arbeidstakerne og lokalsamfunnene mot unødig omstillingssproblemer. Et statlig forvaltningsselskap som kan bruke statens aksjer og industriinteresser i en planmessig industri- og lokaliseringspolitikk, vil bli forberedt. Det vil bli lagt fram en melding om elektrisitetsforsyningens problemer og organisasjon. Spørsmålet om etablering av et landsomfattende andelslag for kraftproduksjon blir tatt opp. Norsk oljepolitikk vil bli ført videre etter de vedtatte hovedlinjer.

Regjeringen vil legge fram forslag om en permanent etableringslov for næringsvirksom-

het. Det vil bli lagt fram meldinger om visse utbyggingsspørsmål på Vestlandet og i kystdistriktene i Trøndelag, med særlig vekt på de eldre industristeders problemer, og om landsdelsplanene for Agder og Rogaland.

Arbeidet med sikring og vern av områder for friluftsliv og naturvernformål vil bli ført videre. Det vil bli lagt fram forslag om tiltak mot forurensning av natur og miljø.

Regjeringen vil føre videre arbeidet for en rasjonell samordning av det kollektive transportsystem for personer og gods. Det vil bli lagt fram forslag om revisjon av samferdselsloven og en melding om mål og virkemidler i samferdselspolitikken.

Arbeidet med trafikksikkerheten vil bli videreført og intensivert.

Utbyggingen av en effektiv helse- og sosialtjeneste vil fortsette. Det vil bli lagt fram meldinger om utbyggingen av helsevernet for psykisk utviklingshemmede og om omsorgen for funksjonshemmende. Stortinget vil også få meldinger om de sosiale tjenester og det sosiale hjelpeapparat, om eldreomsorgen og om alkoholistomsorgen. Spesielle tiltak for å bedre de alkoholskadedes situasjon blir forberedt.

Det vil bli fremmet forslag om at det skal gis adgang til ved kortvarige syketilfeller å yte sykepenger på grunnlag av egen erklæring fra den trygdede.

Grunnbetaket i folketrygden vil bli foreslått økt.

Etter Stortingets behandling av familiemeldingen vil Regjeringen slutføre arbeidet med loven om svangerskapsavbrott.

Regjeringen vil verne om den enkeltes retts-sikkerhet. Det vil bli fremmet forslag om styrking av politiets organisasjon og ledelse.

Boligspørsmålet vil fortsatt bli gitt høy priorititet, både når det gjelder boligreisning, bomiljø og bokostnader. Regjeringen vil fremme forslag som sikrer den enkelte bedre muligheter til å eie sin egen bolig. Det vil bli foreslått tiltak som kan hindre boligpekulasjon i pressområdene og som bedre kan ivaretake de hussøkendes interesser. Regjeringen vil legge fram en melding om boligsaken.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 119. ordentlige Storting åpnet.

Melding fra Kongen til Stortingen om Noregs rikes tilstand og styring i tida ettersiste melding,
lesen av statsråd Gro Harlem Brundtland:

I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortingen om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Gjennom FN, FN's særorganisasjonar og andre internasjonale organisasjonar har Noreg gått inn for å utvikle vidare det mellomfolkelege samarbeidet for å fremje avspenning og fred og internasjonal økonomisk og sosial rettferd og solidaritet.

Noreg har teke del i FN's 6. ekstraordinære generalforsamling og FN's befolkningkonferanse og der arbeidd for å leggje grunnlaget for å fordele inntekter og ressurser meir rettferdig, og for å gjennomføre kvalitative forbetingar i verdssamfunnet.

Noreg har godkjent Guinea-Bissau som ein sjølvstendig stat, og har gått inn for løysingar for dei koloniområda som er att, i samsvar med prinsippet om sjølvråderett.

Både i FN og i NATO er Noreg aktivt med i arbeidet for å setje i verk effektive internasjonale tiltak for rustningskontroll og nedrustning. Noreg står også det arbeidet som blir gjort i andre internasjonale fora, som nedrustningskomitéen i Genève. Frå norsk side legg ein stor vekt på at dei tosidige tingingane mellom USA og Sovjetunionen må halde fram og føre til nye og meir omfattande tiltak for å avgrense dei strategiske våpensystema. Noreg går inn for at arbeidet med siktet på å hindre spreting av kjernefysiske våpen og å oppnå å stanse heilt alle kjernefysiske våpenprøver, må gjevast høg prioritet. Noreg står også arbeidet med å komme fram til ein avtale om forbod mot å utvikle, produsere og lagre kjemiske våpen.

Noreg har vore aktivt med i NATO-samarbeidet og i Euro-gruppa. Euro-gruppa har til oppgåve å fremje forsvarssamarbeidet mellom dei europeiske medlemslanda. Noreg har i år formannsvervet i Euro-gruppa.

Noreg har vore med i rádleggingane i NATO om det framtidige atlantiske samarbeidet og skreiv 26. juni 1974, saman med dei andre allierte, under ei fråsegn om det atlantiske hopehavet.

Noreg har teke aktivt del i andre fasen av Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa, som no blir halden i Genève. Frå norsk side har ein heile tida arbeidd for at Konferansen skal utvikle seg positivt og gje konkrete resultat til beste for vidare avspenning, større tryggleik og utvida samarbeid mellom deltakarlanda og til beste for einskildmennesket. Regjeringa har sett det som særleg viktig at ein gjennom Konferansen har fått ei brei, fleirsidig ramme for behandling av Aust-Vest-spørsmål.

Frå norsk side ser ein også på tingingane om gjensidige reduksjonar av dei militære styrkane i Sentral-Europa som eit viktig ledd i

arbeidet med å fremje avspenningsprosessen i Europa. Det er ei sentral oppgåve å ta del i tingingane i Wien og såleis sikre at det blir teke omsyn til Noregs synspunkt og interesser som flankeland.

Samtidig med at vi aktivt er med i dei fleirsidige drøftingane av Aust-Vest-spørsmåla, har Regjeringa gått inn for å styrke grannehøvet til Sovjetunionen og utvikle kontaktane og samarebidet med dei andre aust-europeiske landa på område av sams interesse. Ein ny skipsfartsavtale er underskriven med Sovjetunionen. Det er halde regelbundne møte i dei blanda kommisjonane under gjeldande handelsavtalar og avtalane om økonomisk, industrielt og teknisk samarbeid. Det er underskrive nye handelsavtaler med DDR og Tsjekkoslovakia.

Gjennom FN og andre organ står Noreg det internasjonale humanitære hjelpearbeidet i samband med nøds- og katastrofesituasjonar i ymse delar av verda.

Noreg har arbeidd aktivt for at FN's menneskerettskonvensjonar om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar skal bli sett ut i livet. Første del av diplomatenferansen om menneskerettane i væpna konfliktar vart halden i Genève i februar—mars. Frå norsk sida la ein særleg vekt på bruk av Genève-konvensjonen i nasjonale frigjeringskrigar og på utarbeiding av forbod mot eller restriksjonar på bruken av konvensjonelle våpen som valdar unødig lidning eller råkar vilkårleg.

Noreg har teke aktivt del i første hovudsesjon av FN's havrettskonferanse, som vart halden i Caracas i tida 20. juni—29. august. Under sesjonen la den norske delegasjonen saman med bl. a. Canada, India, Indonesia, Island, Mexico og New Zealand fram eit forslag om sjøterritorium, arkipelstatar, økonomisk sone og kontinentalsockel. Forslaget byggjer på dei tidlegare framlegga om økonomiske sonar som fleire av forslagsstillarane enkeltvis sett fram i 1973 under førebuingane til konferansen. Det tek bl. a. siktet på å tryggje kyststaten suverene rettar over naturressursane på og i havbotnen og i havet innanfor økonomiske sonar på opptil 200 nautiske mil. Samtidig slår framlegget fast at det innanfor den økonomiske sonen skal vere fridom for skipsfarten og fri rett til overflyging. Framlegget byggjer på at sjøterritoriet ikkje må strekkje seg meir enn 12 nautiske mil ut frå kysten.

Noreg vil også vere med på neste sesjon av FN's havrettskonferanse, som skal haldast i Genève i tida 17. mars—3. mai 1975.

Samarbeidet med utviklingslanda er ført vidare og utbygd i samsvar med dei prinsipp og retningslinjer som Stortinget har godkjent.

1974. 2. okt. — Åpning av det 119. ordentlige Storting.

Noreg ytte i 1973 i alt 523,7 mill. kroner til utviklingshjelp og internasjonalt humanitært hjelpearbeid. Dette er ein auke på 70 mill. kroner eller 20 prosent i høve til 1972. Hjelpa fordele seg med 48 prosent på tosidige og 52 prosent på fleirsidige tiltak, det same som året før.

Den ordinære eksportgarantiordninga og ordninga med garantiar på særlege vilkår ved eksport til og investeringar i utviklingsland er lengd for ein ny tre-årsperiode fram til 30. juni 1977, samtidig som rammene under dei to ordningane vart utvida frå 3 000 mill. kroner til 5 000 mill. kroner og frå 600 mill. kroner til 1 000 mill. kroner i same følgd.

Det var i 1973 gjort ein avtale mellom Verdsbankgruppa og Noreg om samfinansiering av utviklingsprosjekt, og det første samfinansierte prosjektet under avtalen, eit undervisningsprosjekt i Zambia, kom i gang.

I 1973 vart det gjort ein rammeavtale med Bangladesh om samarbeid om hjelpe tiltak og ein generell avtale med Pakistan om varehjelp. Utanom dei 7 hovudsamarbeidslanda (4 i Afrika og 3 i Asia), har det vore ført tingningar om hjelp til attreising og utvikling i Vietnam, og førebuinga til dei første tiltaka i området er komen i gang. Sameleis er dei første hjelpe tiltaka for folket i frigjorde område i det sørlege Afrika gjennomførte. Hjelpesamarbeidet med Chile vart førebels stogga etter militærkuppet.

I internasjonale organisasjonar har Noreg lagt vekt på å arbeide for dei retningslinjer som er framlagde i St.meld. nr. 29 (1971—72) og i handlingsprogrammet for FN's andre utviklingsår.

Hovudmottakarane av norsk fleirsidig hjelp var i 1973 som før om åra FN's utviklingsprogram (UNDP) og Det internasjonale utviklingsfondet (IDA). Disse organisasjonane fekk om lag halvparten av den fleirsidige hjelpa i 1973. Andre viktige mottakarar var Verdas matvareprogram (WFP), FN's internasjonale barnefond (UNICEF) og dei to familieplanleggingsorganisasjonane, FN's befolkningfond (UNFPA) og Den internasjonale føderasjonen for familieplanlegging (IPPF).

På FN's 6. ekstraordinære generalforsamling i vår vart det vedteke eit spesialprogram for kort- og langsiktig hjelp til dei utviklingslanda som er hardast råka av økonomiske kriser, naturkatastrofar eller andre særskilde vanskar. Regjeringa har gjeve uttrykk for sin stønad til Spesialprogrammet, og under føre-

setnad av samtykke frå Stortinget har ho gjeve tilsegn om monalege tilskott til eit 12 månaders kriseprogram og til eit spesialfond til bate for dei utviklingslanda som er hardest råka.

Noreg har godteke prinsippfråsegna og hovudmålsetjinga i det handlingsprogrammet som var vedteke på FN's 6. ekstraordinære generalforsamling.

Noreg var med på Verdas befolkningskonferanse som vart arrangert av FN i sommar, og var med på å vedta ein handlingsplan som har til mål å hjelpe til å samordne befolkningsveksten og økonomisk og sosial utvikling i verda.

Det nære samarbeidet mellom EFTA-landa held fram. EFTA har på mange måtar vore inne i eit overgangsår, som eit resultat av utvidinga av talet på medlemsland i Dei europeiske fellesskapet. Nye arbeidsoppgåver i EFTA byrjar å ta form, komité-strukturen er endra, og sekretariatet har fullført ei omlegging som er tilpassa den nye situasjonen.

I gjennomføringa av avtalen mellom Noreg og Det europeiske økonomiske fellesskapet er dei gjensidige toll-reduksjonane pr. 1. januar komne opp i 40 prosent for hovudtyngda av industrivarar. Ved kommande årsskifte vil nye 20 prosent av den opphavlege tollen bli avskaffa. Det er gjort gjensidige tollreduksjoner for varer under avtalen med Det europeiske kol- og stålfellesskapet i same omfang. Sjølvé avtalen har ikkje teke til å gjelde fordi ratifikasjonsprosessen i EKSF-landa ikkje er fullført.

Det nordiske samarbeidet er komme inn i fastare organiserte former etter at det vart skipa eit fast sekretariat i Oslo for Nordisk ministerråd. Det er skipa nye embetsmannskomitear for handelspolitiske spørsmål, for valuta- og finansielle spørsmål og for konsumpolitikk. Dermed er dei fleste område innanfor nordisk samarbeid dekte med eigne embetsmannskomitear. Den nordiske samarbeidsavtalen er utvida til å omfatte miljøvern. Ein nordisk miljøvernkonvensjon vart underskriven i februar av Danmark, Finland, Noreg og Sverige.

Samarbeidet mellom Kina og Noreg er utvida, blant anna ved at det er gjort ein skipsfartsavtale mellom dei to landa.

Dei fleirsidige tingingane i GATT om nedbygging av toll og andre handelshindringar vart formelt opna i Tokyo i september 1973. Tingingane har til mål å gjennomføre ei monaleg liberalisering av verdshandelen og sam-

tidig forbetre det internasjonale regelverket for handelen. Det skal gjerast særskilde tiltak til bate for utanrikshandelen til utviklingslanda. Noreg har teke del i dei omfattande førebuingane som hittil har pågått for at reelle tingingar kan komme i gang innan utgangen av 1974. Tingingane vil venteleg ikkje vere avslutta før tidlegast i 1976.

Noreg har skrive under GATT-avtalen om den internasjonale handelen med tekstilar. Den tek sikte på å fremje ei balansert utvikling av tekstilar.

Noreg har intensivert samarbeidet med andre land om vern av natur og miljø, både gjennom internasjonale organisasjoner og gjennom tosidige kontaktar. Ein avtale om vern av isbjørn i Arktis vart underskriven i Oslo i februar. Noreg har medverka til utförminga av ein konvensjon mot skadelege utslepp i havet frå land og ein konvensjon mot ureining frå skip. Oslo-konvensjonen om kamp mot havureining ved dumping frå skip og fly tok til å gjelde i april. Arbeidet med sikte på å redusere luftureining over landegrensene held fram.

Noreg har teke aktivt del i det internasjonale skipsfartssamarbeidet som går for seg innanfor ramma av bl. a. OECD, UNCTAD og IMCO. Frå norsk side har ein vore særleg oppteken av arbeidet med å hindre flaggdiskriminerande tiltak frå dei store handelsnasjonane.

Arbeidet held fram med å følge opp tilrådingar frå Den tredje konferansen om handel og utvikling, UNCTAD III, som vart halden i Chile våren 1972. I pakt med dei tilrådingar konferansen gav om å betre vilkåra for utviklingslanda til å auke sin del av verdshandelen, har Noreg utvida mottakarkrinsen og vareomfanget i det generelle tollpreferanse-systemet som er skipa til bate for utviklingslanda. Over 100 land har no tollfritt tilgjenge til Noreg med 97—98 prosent av eksporten sin.

Noreg har teke del i dei internasjonale rådleggingane om energi- og råvarespørsmål og i det første møtet i FAO's kunstgjødselkommisjon, der underskottet på kunstgjødsel særleg i utviklingslanda vart drofta.

I Det internasjonale valutafondet har Noreg gjeve arbeidet med eit nytt valutasystem høg prioritet. Frå norsk side ser ein det som særskilt viktig at dette problemet kan bli fullnøyande løyst, bl. a. som eit ledd i strevet for å bekjempe verdsinflasjonen. Dei urolege internasjonale valutatilhøva saman med den generelle internasjonale inflasjonsutviklinga gjev grunn til otte for at tiltak på handelens og andre område skal utløysast i andre land til skade for den utettervende økonomien vår.

Forsvaret har arbeidd etter dei hovudretningslinene som er fastlagde for perioden 1974—78. Den nye forsvarskommisjonen har konstituert seg og komme i arbeid. På materiellsida har ein halde fram med å vurdere eit rakettforsvarssystem for flyplassane. Dessutan vurderer ein spørsmålet om val av ny flytype når dei jagerflya som ein no har, må skiftast ut.

Folkependa var 3 992 000 pr. 1. oktober 1974, dvs. 0,6 prosent større enn på same tid i fjor.

Arbeidsmarknaden var i dei sju første månadene av året mykje strammare enn i same tidsrom i fjor. Det var i månadene januar—juli 1974 gjennomsnittleg 10 200 registrerte arbeidslause, eller 3 300 færre enn i same tidsrom 1973. Ved arbeidsformidlinga var det dei sju første månadene i år ein tilgang på 162 900 ledige plassar, mot 156 000 i januar—juli i fjor. Ved utgangen av juli i år vart det registrert 6 300 arbeidslause og 11 650 ledige plassar. Det var såleis 5 350 fleire ledige plassar enn arbeidslause, mot 3 050 i juli i fjor.

I perioden januar—august vart 109 verksemder og 4 150 personar råka av driftsinnskrenkingar. Dette er ein nedgang på 8 verksemder og 300 personar frå same tidsrom eitt år tidlegare.

I dei sju første månadene av 1974 fekk 5 800 utlendingar arbeidsløye, eller 2 650 færre enn i same tidsrom i fjor.

Det er fastsett nye retningsliner for attføringsarbeidet og for eit nytt lønns- og refusjonssystem i verksemder for verna arbeid. Det nye lønns- og refusjonssystemet tek sikte på ei normalisering av lønnsvilkåra, slik at arbeidstakarane skal ha dei lønnsvilkår som er vanlege på staden i same slag arbeid. Denne regelen gjelder frå 1. september.

Staten har frå 1. april teke over det lokale arbeidstilsynet i Aust-Agder og Vest-Agder fylker.

Reglane i aksjelova om representasjonsrett for dei tilsette i styringsorgana i aksjeselskapene vart 1. januar gjorde gjeldande for næringane bygg og anlegg.

Ein reknar med at samla produksjonen av varer og tenester vil auke med 4,8 prosent frå 1973 til 1974. Dette er ei monaleg sterkare stigning enn året før, da produksjonen auka med 3,7 prosent. Held ein utanriks sjøfart og oljeutvinning m. m. utanfor, ventar ein at produksjonen vil auke med 4,2 prosent eller litt sterkare enn frå 1972 til 1973.

Førerels oppgåver over varebytet med utlandet viser at verdien av innførsla (utanom skip) i dei åtte første månadene av

1974 var 26,9 milliardar kroner, eller om lag 8,4 milliardar kroner større enn i same tidsrom i fjor. Verdien av utførsla (medrekna nye skip) gjekk i same perioden opp med om lag 4,9 milliardar kroner, til 19,3 milliardar kroner.

Utanom skip auka innførsla med 15,1 prosent i volum, medan utførslevolumet steig med 3,1 prosent frå januar—juni i fjor til same tidsrom i år. Prisane på innførte varer gjekk i same perioden opp med 26,1 prosent. For utførte varer steig prisane med 26,6 prosent.

I dei sju første månadene av året var nettofraktene av norske skip i utanriksfart 7 100 mill. kroner, eller 1 670 mill. kroner meir enn i same perioden i fjor. Det var i januar—juli i år eit underskott på driftsrekneskapen med utlandet på 2 890 mill. kroner, mot 1 070 mill. kroner i dei sju første månadene av 1973. Underskottet på driftsrekneskapen i januar—juli 1974 og ein netto utgang av kortsigktig kapital på 152 mill. kroner vart dekt av ein netto inngang av langsiktig kapital på 3 042 mill. kroner.

For jordbruksvarer vekstvilkåra sommaren 1974 noko skiftande, men stort sett gode. Alt i alt reknar ein med noko over middeles gode avlingar i jord og hagebruk, trass i stor tørkeskade lengst sør i landet. For husdyrprodukta reknar ein med om lag uendra mjølkeproduksjon, og truleg ein viss auke i slaktetilførslene i høve til 1973.

I skogbruket vart det avverka 7,6 mill. m³ til sal og industriell produksjon i driftsåret 1972—73. I tillegg var det avverka 0,8 m³ trevyrke til bruk på gardane. Førebels oppgåver for driftsåret 1973—74 viser markert auke frå førre driftsåret.

Utbytet av fisket var i 1. halvår om lag 1,3 mill. tonn, mot om lag 1,6 mill. tonn i same perioden i 1973. Førstehandsverdien i 1. halvår var om lag 1 215 mill. kroner, som på grunn av høgare prisar er om lag 225 mill. kroner meir enn i same tidsrom i fjor. Nedgangen i fangstmengda kom først og fremst av at loddefisket i 1. halvår gav eit dårlegare utbyte enn i same perioden i 1973. Skreifisket svikta også samanlikna med 1973, medan vårtorskefisket var monaleg betre. Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt auka sterkt, frå 1476 mill. kroner i 1. halvår 1973 til 1717 mill. kroner i 1. halvår 1974.

I bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei fem første månadene om lag 5 prosent større enn i same perioden i 1973. For bergverksdrift var det ein produksjonsnedgang på 9 prosent (medrekna oljeutvinning) og for industri ein auke på vel 5 prosent og for kraftforsyning

ein auke på 6 prosent i høve til januar—mai i fjor.

Samanlikna med dei fem første månadene i 1973 auka eksportvareproduksjonen med 5 prosent, konsumvareproduksjonen med 2 prosent, investeringsvareproduksjonen med 7 prosent, produksjonen av varer til bygg og anlegg med 6 prosent og produksjonen av vareinnsatsvarer elles med 5 prosent.

Da Statistisk sentralbyrås produksjonsindeks er under omlegging for tida, vil ein ikkje få indekstal for juni, juli og august før seinare på hausten.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1973 var 72,7 milliardar kWh. I dei sju første månadene av 1974 var produksjonen om lag 43,8 milliardar kWh, mot 40,8 milliardar kWh i same tidsrom i fjor. Magasinfyllinga er i haust om lag som på same tid i fjor.

Byggeverksemda har hatt større omfang i år enn i fjor. Ved månadsskiftet juli—august viste arealet under arbeid 14 prosent auke frå året før. Areal som vart sett i arbeid i januar—juli, var 15 prosent større, medan areal som vart teke i bruk, var 9 prosent mindre enn i same perioden i 1973. I dei sju første månadene av 1974 var det sett i arbeid 23 705 og fullført 22 471 bustader. Ved månadsskiftet juli—august var det i arbeid 37 899 bustader. Samanlikna med 1973 er dette ein auke på om lag 9 prosent for bustader sette i arbeid, ein nedgang på knapt 12 prosent for fullførte bustader og ein auke på knapt 9 prosent for bustader i arbeid.

For andre bygg enn bustader og bygg for jordbruk, skogbruk og fiske har det for dei sju første månadene vore ei stigning på om lag 30 prosent for igangsett areal og 21 prosent for areal i arbeid, men ein nedgang på knapt 7 prosent for fullført areal.

Handelsflåten auka med 452 000 bruttotonn i første halvår og var på 23,8 mill. bruttotonn ved utgangen av juni. Tanktonnasjen auka i 1. halvår med 890 000 bruttonn.

Ved halvårsskiftet var det under bygging eller tinga for norsk rekning ved utanlandske verkstader skip på til saman 12,4 mill. bruttotonn. Dette var ein auke på 1,5 mill. bruttotonn frå same tid i fjor. Ved norske verkstader var det for norsk rekning under bygging eller tinga skip på til saman 4,0 mill. bruttotonn, eller 0,9 mill. bruttotonn meir enn på same tid i fjor.

Fraktratane på verdsmarknaden viste for tørrlasteskip sterkt stigning frå 1. halvår 1973 til same perioden i år. Turfraktene for tørrlasteskip i 1. halvår låg 79 prosent høgare enn i same perioden året før, tidsfraktene 67 pro-

sent høgare. Fraktratene for tankskip har gått sterkt ned frå 1. halvår 1973 til 1. halvår 1974.

Persontrafikken ved Noregs statsbaner gjekk frå slutten av 1973 markert opp og var i første halvår 1974 om lag 16 prosent høgare enn året før. Oppgåver over bensinomsetninga tyder på at personbiltrafikken ikkje har auka noko i 1974. Den innanlandske flytrafikken var i første halvdel av 1974 3—4 prosent lågare enn året før. Disse endringane i trafikkbiletet har samanheng med dei høgare prisane på mineraloljeprodukt, som har råka bil- og flytrafikken mykje hardare enn jarnbana. Elles er vegtransportmidla framleis dei dominerande i persontransportavviklinga og utfører over 80 prosent av transporttenestene innanlands. Godstrafikken som stagnerte i 1972, har i 1973 og 1974 teke seg opp att.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1973 på nær 74 800 km. Dette er 600 km meir enn året før. Om lag 29 000 km offentleg veg har fast dekke eller oljegrusdekke. Av riksvegnettet kan 87 prosent trafikkerast av vogner med akseltrykk på 8 tonn, og på 6 prosent av riksvegane er 10 tonn akseltrykk tillate. Det er særleg teke omsyn til distriktsutbygging og trafikktrygging ved den allmenne heving av standarden på riksvegnettet. Arbeidet med å forsterke bruene held fram. Det er skapt betre samanheng i vegnettet i kyststroka ved at ferjesamband er effektiviserte med nye ferjer og auka frekvensar.

Fleire viktige bruer vart opna for trafikk. Særleg viktige er Måløybrua, Andøybrua og Kvalsaukbrua. Andøybrua og Kvalsaukbrua er dei to første av dei 4 Vesteråls-bruene som vil etablere ferjefritt samband mellom Vesterålen og fastlandet.

Med det nye riksvegsambandet som er opna for trafikk langs Tana opp til Karasjokk, er det etablert den første heilårsvegen mellom Aust-Finnmark og resten av landet utan at ein treng køyre gjennom Finland og Sverige.

Ved utgangen av 1973 var bilparken på bortimot 1,1 mill. køyretøy. Auken frå året før var på 5,8 prosent. Størst har auken vore i fylke med minst biltettleik.

Vegtrafikken har auka sterkt i mange år, men med noko redusert tempo etter kvart. I Nord-Noreg og på Vestlandet ligg trafikkauken over gjennomsnittet, som for 1970—73 vart rekna til om lag 7 prosent årleg. I 1974 ser det etter førebels oppgåver ut til at det ikkje har vore nokon auke i trafikken.

Talet på trafikkulykker med personskade har sidan 1970 vist ein veik nedgang samtidig som biltrafikken har gått opp. Det ser ut til at denne nedgangen held fram i 1974. Talet på ulykker gjekk ned frå 3 984 i første halvår til

3 419 i same perioden i år. Talet på tapte menneskeliv i trafikken i 1. halvår var 193 mot 215 og 224 i dei to åra før. Det er sett i verk ein særleg aksjon med sikte på betre vern for gåande og syklande, og med vekt på å aktivisere lokalsamfunnet i arbeidet for større trafikktryggleik.

Ferjetrafikken blir driven med 243 farty med ein samla kapasitet på 5 438 personbilspllassar. Det vart frakta 5,4 prosent fleire bilar og 4,7 prosent fleire personar i 1973 enn året før.

Arbeidet med å effektivisere kyst og lokalfarten held fram. I alt 17 snøggbåtar trafikkerer enkelte ruter på Vestlandet og i Trøndelagsfylka. Sjørutene er stort sett haldne oppe i same omfang som før.

30 millionar passasjerar reiste i fjar med Statsbanene. Persontransporten auka på alle transportavstandar utanom avstandane mellom 150 og 300 km, der trafikken gjekk tilbake. Betre tilbod i lokaltrafikken i Oslo-området førte til at transporten på dei korte avstandane opp til 60 km auka for andre året på rad. Opninga av Lierås-tunnelen i fjar og innsetjinga av snøgge «bymellom»-tog på Vestfoldbana var dei viktigaste årsakene til ein trafikkauke på avstandane frå 60 til 150 km. Forbetringane på Vestbane-nettet hadde òg ein heldig verknad på trafikken over dei lange avstandane på meir enn 300 km. Godstransporten på jarnbana (utanom malm på Ofotbana) auka med vel 6 prosent i 1973. Denne utviklinga har vesentleg samanheng med den høge aktiviteten i dei fleste industrigreinene. Malmtransportane på Ofotbana auka med nær 10 prosent i 1973. Ved bortimot 60 prosent av togtrafikken i landet blir signalsystem og sporvekslar m. m. fjernstyrte.

Sommaren 1974 opna 5 nye kommunale kortbaneflyplassar som er bygde med monolit tilskott frå staten. Dei nye flyplassane er Sørkjosen i Troms, og Hammerfest, Mehamn, Berlevåg og Vadsø i Finnmark. Med disse flyplassane har store, nye område av Nord-Noreg vorte knytte til flyrutenettet med stor nedkorting i reisetida til andre sentra i landsdelen og til resten av landet.

Telefontettleiken var ved utgangen av 1973 kommen opp i 32,9 telefonapparat pr. 100 innbyggjarar. 87,9 prosent av apparata er tilknytte automatiske telefonentraler. Av den samla innanlandske rikstelefondrafikken vart om lag 65 prosent avvikla automatisk i 1973. Det var i 1973 ein auke på 28 000 hovudabonnenter og 48 000 apparat. Mottekne tingingar på nye hovudabonnement minka med 1 prosent. Ventelista var ved utgangen av året på vel 36 400 abonnenter mot 34 700 ved utgangen av 1972. Det har vore auke i alle trafikk-

greiner i Televerket i 1973, bortsett frå telegramtrafikken som minkar frå år til år.

Postverket ekspederte omkring 1,1 milliard sendingar i 1973. Dette var ein auke på 2,7 prosent frå 1972. Konsentreringa av posttrafikken til færre og større poststader heldt fram i 1973. Talet på poststader er no nede i 3 200. Landpostbodenesta blir utbygd parallelt med nedlegginga av dei mindre poststädene.

Konsumprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 8,8 prosent høgare enn i tilsvarende periode i fjor. Frå januar til august steig indeksen med 5,5 prosent.

Engrosprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 17,8 prosent høgare enn i tilsvarende periode året før.

Dei private inntekten har auka ein god del sterkare frå 1973 til 1974 enn frå 1972 til 1973. Det same gjeld utbetalt lønn pr. årsverk.

Det private forbruket steig truleg etter måten veikt frå 1. halvår i fjor til 1. halvår i år, men for 1974 under eitt reknar ein med ei stiging frå året før på 4,2 prosent.

Bruttoinvesteringane i fast realkapital reknar ein med skal auke med 6,4 prosent frå 1973 til 1974. Held ein investeringane i sjøfart og i oljeutvinning m.m. utanfor, reknar ein med ein vekst på 7,2 prosent i bruttoinvesteringane. Dette er ein mykje sterkare vekst enn året før, da bruttoinvesteringane utanom sjøfart og oljeutvinning m.m. steig med 3,2 prosent.

Kredittpolitikken for 1974 tok sikte på ei omtrent like stor samla innanlands kredittilførsel til næringslivet, kommunar og privatpersonar som i 1973. Ein rekna derimot med ein mykje større kapitalinngang frå utlandet enn året før. Som følgje av den kraftige investeringsetterspørsele i 1974 vart etterspørsele etter kredit monaleg større enn i fjor. Det har derfor vore ei viktig oppgåve for penge- og kredittpolitikken å halde kreditfinansieringa av investeringane innanfor ei ramme som tryggjer det realøkonomiske grunnlaget for ein rimeleg auke også i det private forbruket. Utviklinga hittil i år kan tyde på at den innanlandske kredittilførselen blir større enn det er rekna med i det reviderte nasjonalbudsjettet, medan kredittilførselen frå utlandet truleg blir lågare enn venta.

Norges Banks diskonto vart 30. mars sett opp frå 4,5 til 5,5 prosent.

Finanspolitikken har i dei tre første kvartala av 1974 ført til ei noko sterkare inndraging av likvidar frå publikum enn

i same tidsrom året før. I same retninga verka det at Noregs Bank kjøpte mindre valuta enn i same tidsrom i fjor. Statens driftsutgifter og utgifter til investeringar steig med vel 10 prosent frå første halvår 1973 til første halvår 1974, medan overføringane auka med nesten 11 prosent. Statens samla utgifter medrekna lånetransaksjonar var i første halvår 1974 15,9 milliardar kroner. I same tidsrom utgjorde dei samla utgiftene i trygdesektoren om lag 7,8 milliardar kroner. Folketrygfondet med arbeidsmarknadfondet var ved utgangen av 1. halvår på 7,9 milliardar kroner.

Som ledd i prisdempande tiltak vart den norske krona revaluert med 5 prosent i november 1973.

Aktiviteten i kommunane er framleis svært høg. Særleg blir det reist sterke krav til kommunane om å bygge ut undervisning, helsestell, eldrefor- og uføreomsorg, vassforsyning, og om bustad- og miljøverntiltak.

Dei kommunale budsjetta er stramme, og kommunane må prioritere oppgåvene mykje strengare enn før.

Distriktenes utbyggingsfond gav i 1973 tilsegn om lån og garanti for 518 mill. kroner, tilsegn om investeringstilskott med 209 mill. kroner og tilsegn om tilskott til flytting, opplæring og oppstart med 29 mill. kroner. I alt vart det i fjor gjeve tilsegn om lån, garantiar og tilskott frå Distriktenes utbyggingsfond med 756 mill. kroner mot om lag 684 mill. kroner i 1972. Talet for 1. halvår 1974 var om lag 657 mill. kroner, av dei 193 mill. kroner i investeringstilskott. Verkeområdet for fondet er utvida til å omfatte visse servicenæringer òg, og nye føresegner om Distriktenes utbyggingsfond og om investeringstilskottsordninga er gjorde gjeldande frå 1. januar.

Selskapet for industrivekstanlegg (SIVA) har no 11 industrivekstanlegg. Dei tre siste anlegga vart utpeika i 1. halvår 1974. I alt var det pr. september 1974 reist 33 bygg med eit samla golvareal på om lag 91 000 m². Dei verksemndene som har flytta inn, hadde nærmare 1 800 sysselsette (medrekna om lag 300 sysselsette i dei bygningane Akergruppa sjølv har reist på Verdalsøra).

Etter at reglane for utbetaling av regional transportstøtte vart reviderte, har den utbetalte stønaden stige frå om lag 4 mill. kroner 2. halvår 1973 til vel 7 mill. kroner 1. halvår 1974.

Mellombels lov om samtykke til å bygge basar for petroleums-verksemd m.m. vart vedteken i desember. I første halvår 1974 har Kommunaldepartementet teke mot om lag 75 søknader om etableringssamtykke.

Arbeidet med å sikre område for naturvern og friluftsliv er ført vidare, bl. a. er ein del større friluftsområde sikra.

Dovrefjell nasjonalpark, 3 landskapsvern-område og 10 naturreservat er oppretta.

Arbeidet med landsplanlegging av verneverdige naturområde og førekomstar i samarbeid med universiteta og landbrukskolen er ført vidare.

Fornminnelova er endra slik at staten skal ha full eigedomssrett til meir enn hundre år gamle båtar, skipsskrov, tilhøyrsla, last og anna som var om bord eller delar av slike ting når det ikkje lenger er rimeleg von om å finne ut kven som er eigar.

Det er gjeve forskrifter med heimel til regulerande føresegner om plassering av campingvogner i 100-meters-beltet langs strendene.

Arbeidet med fylkesplanlegging er igangsett. Ein tek sikte på at alle fylke skal leggje fram forslag til fylkesplan innan årsskiftet 1975/76.

Avgjerdsmauka etter bygningslova til å stadfeste reguleringsplanar er overført til fylkesmannen i alle fylke, så nær som Oslo, der det er ei særordning.

Det er godkjent i alt tolv generalplanar, tre del-generalplanar og to regionplanar.

Arbeidet med opplegg av ressursbudsjetting og -rekneskap er teke opp.

Når det gjeld folketrygda, held det omfatende utgreiingsarbeidet fram som Sosialdepartementet sette i gang i 1973 for å skaffe greie på om lovverket om folketrygda verkar i samsvar med dei opphavlege føresetnadene, og om det er grunnlag for endringar med sikte på ei betre prioritering av dei behov som trygda skal dekkje.

Grunnbeløpet i folketrygda vart frå 1. januar 1973 auka frå kr. 8 500 til kr. 9 200. På grunn av den sterke prisstigninga vart grunnbeløpet ytterlegare auka til kr. 9 700 frå 1. mai 1974. Det gjennomsnittlege grunnbeløpet for året 1974 blir kr. 9 533. Som følgje av desse tillegga auka også særtillegget. For ugift pensjonist og pensjonist med ektemake som ikkje har pensjon, var særtillegget kr. 1 445 i 1973, kr. 1 564 frå 1. januar 1974 og kr. 1 649 frå 1. mai 1974. Særtillegget for pensjonist med ektemake som har pensjon, var kr. 1 360 i 1973, kr. 1 472 frå 1. januar 1974 og kr. 1 552 frå 1. mai 1974.

Ved endring i lova om folketrygd er det skapt heimel for å yte refusjon av utgifter til behandling hos kiropraktor når ein lege har vist pasienten til slik behandling.

Med sikte på å få redusert dei store ankestastane ved Trygderetten, er det gjort nokre endringar i lov om anke til Trygderetten. Det

er skipa eit eige utval til førehaving av krigspensjoneringsakene, og det er gjeve reglar om ei forenkla førehaving av ein del saker.

Vidare er den endelige avgjerdha av ein del saker som gjeld korttidsytingar, lagd til Rikstrygdeverket.

Frå 1. januar er Statens pensjonskasse, Statsbanenes pensjonskasse og Pensjonsordninga for statens arbeidarar slått saman til ei sams pensjonsordning for statens arbeidstakrar.

Det er sett i gang ei rad forskingsprosjekt og andre tiltak som tek sikte på ei betre ressursutnytting gjennom betre planlegging og betre driftstilhøve innan sjukehussektoren.

Utbygginga av sjukehusstallet held fram. Det er godkjent funksjonsprogram eller planar for fleire nye sjukehusanlegg, bl. a. det nye sentralsjukehuset for Sogn og Fjordane i Førde, Bærum nye sjukehus og delar av det nye tilbygget til Haukeland sjukehus.

Utbygginga av sjukeheimssektoren er framleis prioritert.

Innan det psykiske helsevernet og helsevernet for psykisk utviklingshemma freistar ein å leggja tilhøva til rette for større bruk av ressursane i utettervend verksamhet, bl. a. med sikte på å behandle pasientane i lokalmiljøet utan institusjonsinnlegging.

Det blir enno ytt store tilskott til kamp mot narkotikamisbruk, med særlig vekt på oppsøkjande og førebyggjande arbeid og på utdanning av personale til å arbeide med stoffmisbrukarar.

Spørsmålet om eit meir effektivt tilsyn med pasientar under omsorga for psykisk utviklingshemma er teke opp med dei regionale helsemyndighetene, og det er oppnemnt tilsynsutval i 6 av dei 12 områda.

Det er lagt vekt på å styrke den offentlege kontrollen på legemiddelsektoren, slik at det bl. a. blir mogleg med ein meir effektiv kontroll med legemiddelreklamen og ein meir aktiv priskontroll. Vidare blir det arbeidd med auka offentleg informasjon om legemiddel til legar og publikum.

Det er framleis god søkning til ledige offentlege tannlekestillingar, og personalsituasjonen i folketannrøkta er stort sett tilfredsstillande.

Det blir lagt stadig større vekt på førebyggjande tannhelsearbeid, som ein etter kvart også freistar å innpasse i helsestasjonsverksamheten.

Det blir arbeidd vidare med førebuinga til ei reorganisering av helsetenesta utanfor sjukehus, bl. a. med sikte på betre samordning av ei rad sentrale oppgåver når det gjeld førebygging.

Det er framleis god søkning til ledige offent-

lege legestillingar, slik at personalsituasjonen for det offentlege legestellet stort sett er tilfredsstillende.

Det blir arbeidd vidare med å byggje ut helsearbeidet mellom barn og gravide, på bakgrunn av lov om helsetasjonar og helsetiltak blant barn m. m., som tok til å gjelde 1. april.

Arbeidet med å gje dei nødvendige forskriftena for å kunne setje i kraft lov om restriktive tiltak med omsetnad av tobakksvarer har høg prioritet.

Arbeidet med kontroll og førebygging av smittsame sjukdomar og med kartlegging og kontroll av det kjemiske miljøet vårt held fram (tungmetall, pesticid, tilsetningsstoff i næringsmiddel o. l.).

Forskrifter om bruk av bensin tilsett bly, og som set ei øvre grense på 0,4 gram bly pr. liter bensin, tok til å gjelde 1. april.

Problem i samband med deponering av kloakkslam og spørsmål om bruk av slam i jordbruksmålet framleis under spesiell behandling.

I samband med den selektive skjermbiletfotograferinga i Finnmark fylke, blir det på epidemiologisk grunnlag gjort ei kartlegging for å sjå om det er mogleg å finne fram til risikofaktorar når det gjeld hjarte/karsjukdommar.

Ein reknar med at heimesjukepleieverksemda etter retningslinjer frå Sosialdepartementet vil vere utbygd i alle kommunar i landet i dette året.

Det er sett i gang ei rad prosjekt for å betre grunnlaget for utforminga av sosialpolitikken. Bl. a. er forsking teken meir systematisk i bruk ved planlegginga av sosial- og helsetiltak og for å avdekke tilhøve som fører til sosiale og helsemessige problem. Løyvingane til helse- og sosialforskning, utgreiingar og forsøk er auka frå 1,5 mill. kroner i 1973 til 3,0 mill. kroner i 1974.

Rettleiringstenesta for dei kommunale sosialkontora er ytterlegare styrkt ved at det no er oppretta stilling som fylkeskonsulent for sosialomsorg i 14 fylke.

Det er framleis behov for etatsopplæring for sosialleiarar i kommunane, og for saksbehandlarar ved sosialkontora, og kursa for dette personalet held fram. Spørsmålet om den framtidige organiseringa av denne opplæringa er teke opp til vurdering.

Arbeidet med attføring og busetjing av omstreifarar og huslause personar med sosiale tilpassingsvanskar held fram. Det same gjeld arbeidet med tiltak for å betre kåra for dei norske sigøynarane i samsvar med retningslinene i St.meld. nr. 37 (1972—73).

Arbeidet med busetjing og integrering av flyktningar har vore intensivert, særleg når

det gjeld dei nye gruppene frå Uganda (om lag 200) og Chile (om lag 130). Gjennom spesielle ordninga som er samordna av Det norske flyktningerrådet, er dei skaffa sysselsetjing og hus eller hjelpe til å halde fram med utdanninga si.

Ved utgangen av 1972 var det 9 334 barn under vernetiltak av barnevernsnemndene. Av disse barna var 5 282 under omsorg, av dei 2 664 i fosterheimar og resten i institusjonar.

Arbeidet med å utvikle forsterheimsverksamheden held fram. Det er no skipa eigne kuratorstillingar ved fosterheimsentralane i 10 fylke.

Kursverksemda for personale, styremedlemmer og tilsynsførarar ved barneverninstasjonane held fram som eit kontinuerlig etterutdanningstilbod.

Innsatsen i det førebyggjande barne- og ungdomsvernet er intensivert gjennom ulike former for informasjon, blant anna ved direkte kontakt med kommunar og gjennom stimuleringstilskott, særleg med sikte på å få etablert og utvikla det førebyggjande fritidsarbeidet i kommunal regi.

I eldreomsorga er det lagt vekt på å auke kunnskapsgrunnlaget for planlegging og utbygging. Norsk gerontologisk institutt har ført vidare sine forskingstiltak og si rettleiringsteneste. Rådet for eldreomsorg og Fellesutvalet for førebuing til pensjonsalderen har auka sitt engasjement i aldersopplæringa. Sosialdepartementet har halde fram med si kursverksemd for styrarar og styrarassistentar i aldersheimar.

I desse dagar blir ein landsomfattande holdningskampanje mot alkohol og andre rusgifter starta i regi av Statens edruskapsdirektorat.

Alkoholforbruket var i 1973 5,21 liter omrekna i rein alkohol og rekna i gjennomsnitt pr. innbyggjar på 15 år og eldre. Det tilsvarende forbruket i 1972 var på 5,11 liter.

Utbygging, modernisering og betring av alkoholinstitusjonane har halde fram.

I 1973 har hjelpeordningane for heimane omfatta husmorvikarverksemdu, heimehjelp for eldre, funksjonshemma og andre, og anna hjelpeverksemdu til heimar som er i ein vanskeleg situasjon. Ein reknar med at om lag 28 500 personar arbeidde innanfor hjelpeordningane og at dei utførte om lag 6 250 årsverk i 1973. Dette er ein auke på 250 årsverk frå året før. Hjelpeordningane er innførte i nesten alle kommunar i landet.

Under landbruksvikarordninga vart det i 1973 utført om lag 370 årsverk av 400 landbruksvikarar. Dette er ei stigning på 35 årsverk i høve til året før. 323 kommunar hadde landbruksvikarordning.

I 1973 nytta 77 700 brukarar seg av ferie-

ordninga for jordbruket. Dette tilsvarer om lag 90 prosent av alle som har rett til tilskott. Maksimalt vart det gjeve tilskott til 12 feriedagar, medan den gjennomsnittlige ferielengda var 9,9 dagar. For 1974 er tilskottet kr. 100,— pr. feriedag. Om lag 700 mill. kroner vart utbetalte i tilskott.

Ved utgangen av 1973 var 1 438 daginstitusjonsavdelingar for barn i førskolealder i drift. Det er ein auke på 296 avdelingar frå året før. Dette gjev i alt om lag 23 000 plassar som dekkjer om lag 5 prosent av barna i førskolealderen.

Etter at Forbrukarrådet vart omorganisert, er utbygginga av det lokale forbrukarapparatet komme godt i gang. Pr. 1. september var forbrukar- og heimstellkontor i verksemd i 7 fylke.

Røynslene frå 1 ½ års verksemd hos Forbrukarombudsmannen og Marknadsrådet har vore gode. I dette tidsrommet hadde Forbrukarombudsmannen føre om lag 1 800 saker. Dei fleste sakene blir avgjorde utan å bli lagde fram for Marknadsrådet. Såleis drøfta Marknadsrådet 3 saker, medan ytterlegare 2 saker er under førebuing i Marknadsrådet. Arbeidet har hatt ein sanerande verknad på marknadsføringa her i landet.

Utgiftene til kulturformål på stats- og kommunebudsjettet i 1974 er om lag 9,5 milliardar kroner.

I kyrkja er det 1 073 prestar forutan feltprestane. Det er framleis liten tilgang på teologar og få sokjarar til prestestillingar. Talet på kateketstillingar er komme opp i 33.

Talet på elevar og studentar i skoleåret 1974—75 er om lag 806 000.

Samla elevtal i allmenndannande skolar er om lag 645 000. Av desse går 583 000 i grunnskolen og 62 000 i gymnaset.

Den nye mønsterplanen er teken i bruk til og med 8. klassesteget. 9-årig grunnskole er innført i alle kommunar. Ordninga med rammetimetal er frå hausten av innført for barnesteget òg. Dette gjer det mogleg for dei lokale styremaktene å nytte ressursane noko friare enn tidlegare.

I spesialskolane er det om lag 3 750 elevar. 2 nye spesialskolar er tekne i bruk i år. Det blir gjort forsøk med førskoletilbod for funksjonshemma barn.

Til examen artium melde det seg i år 15 739 og til eksamen ved økonomisk gymnas 1 734 eksaminandar. Til saman er dette om lag 28 prosent av årskullet.

Privatskolane har nærare 12 000 elevar. Det er 400 fleire enn i fjar. 7 600 elevar høyrer til dei private yrkesskolane.

Folkehøgskolane har 7 800 elevar.

Lærar- og faglærarskolane har vel 10 000

heiltidsstudentar. Av desse er om lag 7 500 i vanleg lærarskole, 1 200 i faglærarskole og 1 500 er studentar i førskolelærarskolar.

I vår vart det uteksaminert om lag 2 540 nye lærarar, 750 førskolelærarar og 1 000 faglærarar. 2 200 har skaffa seg vidareutdanning og 12 300 har vore med på etterutdanningskurs av ymse slag.

Det er no om lag 5 prosent av lærarane som ikkje har godkjend utdanning, medan det for 2 år sidan var 9,5 prosent. Lærarstoda i grunnskolen er no betre.

I kommunale og fylkeskommunale yrkeskolar med statstilskott er det om lag 56 500 heilarselevar. Av desse er om lag 17 000 elevar i yrkesskolar for handverk og industri, 17 000 i yrkesskolar for handel og kontorarbeid, 4 000 i maritime skolar og om lag 7 500 i tekniske skolar og tekniske fagskolar.

Utbygginga av yrkesskolar for handverk og industri og for handel og kontorarbeid held fram med skiping av nye liner i begge skoleslag.

Oppmelding til fag- og sveineprøver etter lærlingelova kan skje i 134 kommunar. I industrifag vart det i 1973 utforda 2 861 fagbrev mot 2 714 året før. Talet på sveinebrev i handverksfag auka til 1 637 mot 1 422 året før. Det første elevkullet ved Statens trafikklærarskole fullførte i vår eitt-årig trafikklærarutdanning. Skolen er no i gang med utdanning av trafikklærarar til førarkort av klasse II.

Norsk hotellfagskole har i haust teke i bruk nye lokale ved Stavanger. Den nye skolen gjev auka kapasitet til utdanning av leiarar til hotell- og restaurantbransjen.

Frå i haust er det ved dei tekniske skolane skipa vidareutdanning for ingeniørar i miljøhygiene, kommunalteknikk og by- og regionalplanlegging. Ei ny ingeniørlinje er sett i gang i petrokjemi. Kortare kurs for utdanning av personell til boreriggar er i gang ved Stavanger maskinistskole. Statens havariverenskole er skipa i Haugesund. Arbeidet med å skaffe skolene høveleg øvingsfelt er i gang.

Reising av nye undervisningsbygg held fram. Om lag 400 000 m² skolebygg er i arbeid.

Verksemda i dei friviljuge opplysningsorganisasjonane har auka i omfang også i skoleåret 1973—74. Denne verksemda er ein hovuddel av vaksenopplæringa.

Vaksenopplæringa knytt til skoleverket har òg auka. I siste skoleåret var det undervisning i ulike fag (kurs) ved 230 skolar med tilskott av løyving til vaksenopplæring i skoleverket. I tillegg kjem ei rad vaksenopplæringstiltak med tilskott frå dei vanlege skolebudsjetta. Desse tiltaka gjeld særleg grunnskolen, gymnas og handelsfag.

Løyvinga til særskild opplæring for vaksne

1974. 2. okt. — Åpning av det 119. ordentlige Storting.

som ikkje har fått turvande grunnleggjande opplæring, eller som på grunn av endra livstilhøve må få ny elementær opplæring, vil i år vesentleg gå med til undervisning av sigøynarar.

Samarbeidet mellom Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Arbeidsdirektoratet held fram når det gjeld yrkesopplæring for vaksne som lekk i arbeidsmarknads- og sysselsettjingspolitikken. I skoleåret 1973—74 vart det gjennomført om lag 650 kurs med om lag 7 600 deltakarar.

Studenttalet ved universitet og høgskolar, medrekna distrikthøgskolane, er i haust om lag 42 000. Talet på norske studentar i utlandet er noko lågare enn i fjor, om lag 2 800. Ved dei 6 distrikthøgskolane vart det også i år sett i gang nye studietilbod. Talet på heilårssstudentar auka frå kring 2 600 i 1973 til kring 3 000 i 1974. Til dette kjem deltidstudentane. I samarbeid med Sogndal lærarskole planlegg tilsett personale distrikthøgskoleutdanning i Sogn og Fjordane.

Universitetet i Tromsø auka i haust studenttalet frå om lag 760 til 950. Eit gjennomgangsbygg for biologiske og geologiske fag vart teke i bruk i haust. Universitetet i Trondheim har auka studenttalet ved Lærarhøgskolen frå om lag 2 800 til 3 100 ved å utvide kapasiteten i provisoriske lokale. Arbeidet i marka i samband med det nye universitetssenteret på Dragvoll—Stokkan er sett i gang. Planleggingsarbeidet for den vidare utbygginga i Trondheim og Tromsø held fram. Universitetet i Bergen auka studenttalet frå om lag 7 400 til 7 800. Eit bygg for preklinisk medisin er teke i bruk. I Oslo reknar ein med same studenttal som året før, om lag 19 400.

Pr. 31. august har 1 256 284 løyst radiolisens og 1 004 462 fjernsynslisens, av desse galdt 98 854 fargefjernsyn.

Det blir no gjeve stipend til 308 kunstnarar over statsbudsjettet. Av desse er m. a. 26 livsvarige kunstnarlønner, 100 treårige arbeidsstipend à kr. 21 500 og 98 stipend til eldre, fortente kunstnarar.

Dei statsstødde teatra gav i 1973 om lag 4 000 framsyningar med eit samla publikumsbesök på 1,1 mill. Det vart i 1973 gjeve statsgaranti for produksjonslån til ni norske speelfilmar.

Samla utlån i folkebiblioteka var i 1973 12 millionar band, i skolebiblioteka vel 5 millionar og i fylkesbiblioteka om lag 630 000, til saman 17,7 millionar band.

I 1973 vart det teke i bruk 17 nye samfunnshus, 13 idrettshallar, 41 symjehaller og

ei rad utandørs idrettsanlegg med stønad frå tippemidlane. Den delen av tippeoverskottet som fall på idretten for 1973, var kr. 38 150 000. Det var kr. 700 000 meir enn året før. Tippelova er no endra slik at idrettens del av tippeoverskottet vil stige frå 35 til 40 prosent i budsjettåret 1975 (speleåret 1974), og vidare til 45 prosent i 1976 og 50 prosent i 1977.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet!

Det 119. ordentlige Storting som i dag er åpnet av Deres Majestet, er det andre i denne valgperioden.

Trontalen forteller at Stortinget vil få seg forelagt en betydelig saksmengde. I tillegg til de nye saker kommer 67 fra forrige Storting. Dette vil bety at det alt fra sesjonens begynnelsje vil bli krevet en stor arbeidsinnsats av representantene. De mange saker vil også stille krav til representantenes vilje og evne til samarbeid.

Den siste tids begivenheter i verden har i større grad enn før fått oss alle til å innse at arbeidet for fred og rettferdighet, mot krig og nød, må få en stor plass i vårt arbeid som stortingsrepresentanter. Vi må dessverre konstatere at krigshandlinger og konflikter nasjoner i mellom har preget den senere tid, samtidig som flyktningstrømmen igjen har økt, og vi må konstatere at sulten er blitt hverdag for en enda større del av verden. Så langt våre krefter og våre ressurser rekker, må vårt land yte sine bidrag til å mildne katastrofene og fremme et konstruktivt fredsarbeid. Kongen og hans råd vil i sine bestrebeler for dette alltid kunne regne med medvirkning fra Stortingets side.

De innenrikspolitiske oppgaver er også mange og store. De hjemlige oppgaver vil ta mye av Stortingets tid; de sprer seg over et vidt felt og vil få betydning for vesentlige sider av norsk samfunnsliv.

Det er en ansvarsfull gjerning Stortinget er valgt til å utføre. Deres Majestet uttalte i trontalen det håp at denne gjerning måtte bli til gagn for fedrelandet. Det samme håpet har folkets representanter. Med løfte om at Stortinget vil gjøre sitt ytterste for å løse de mange og store oppgaver som ligger foran oss, samles vi i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Dette ønske ble istemt av Stortingets øvrige medlemmer.